

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Åse Kyllingstad Hatteland  
Arkivsaksnr.: 17/2123 - 2

Arkiv: A10

### Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

## BARNETAL - KONSEKVEN SAR FOR ÅRSVERK I KOMMUNALE BARNEHAGAR OG TELLETIDSPUNKT I PRIVATE BARNEHAGAR

### Bakgrunn for saka:

Talet på barn i barnehagealder i Klepp kommune har dei siste åra gått ned.

Barn i barnehagane som er busette i Klepp pr. 15.12., frå 2014 til 2017:

År	Barn i kommunale barnehagar	Barn i private barnehagar
2014	867	420
2015	876	382
2016	853	368
2017	850	352

Retten til barnehageplass har blitt utvida i denne tida, frå at retten gjaldt dersom barnet var 1 år innan 1. september til at barnet no må vera 1 år innan 1. desember.

Nedgangen i dei kommunale barnehagane har vore 17 barn dei siste 4 åra, medan nedgangen i dei private barnehagane har vore 68 barn, samla ein nedgang på 85 barn.

Denne nedgangen i barnetal har til no ikkje fått konsekvensar for fastsettinga av ramma til barnehagesektoren. For dei kommunale barnehagane har ein regulert årsverka når det har lagt til rette for det, medan dei private barnehagane har fått regulert sitt tilskot for neste år med barnetalet pr. 15.12.

Det er mogleg å redusera ramma til barnehagane frå 2018 med å vera meir konsekvent i fastsettinga av årsverka ut frå barnetalet og bemanningsnorm.

Bemanningsnormen i Klepp kommune er 3 barn pr. årsverk under 3 år og 6 barn pr. årsverk over 3 år. Denne saka endrar ikkje på dette.

### Vurdering:

#### Kommunale barnehagar:

Sidan barnehagane har hatt ledig kapasitet, har det dei siste åra vore mogleg å ha eit fleksibelt barnehageopptak med fortløpande opptak utover året.

Med reduksjon i den økonomiske ramma til barnehagane blir det betre samsvar mellom barnetalet og talet på årsverk.

For å sikra forutsigbarhet og personale med best mogleg kompetanse, må det vera klare rutinar for kva tid og korleis omlegginga skal skje.

Søknadsfristen for barnehageplass til nytt barnehageår er 1. mars, og opptaket blir gjort så raskt som mogleg. I løpet av 1. halvdel av april har ein registrert svara frå foreldra og føreteke då 2. opptak der restplassar blir tildelt.

Rådmannen vil føreslå at årsverka til den enkelte kommunale barnehagen blir fastsett etter at tildelingane til barnehage i 2. opptaket er gjort. Då blir det samla rekrutteringsbehovet vurdert i tett samarbeid med tillitsvalde.

### **Private barnehagar:**

Utrekning og tildeling av tilskot til dei private barnehagane er regulert i:

#### **«Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager»**

«§ 12. Rapportering av barn i private barnehager

*Eier av private barnehager skal hvert år rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid i barnehagen per 15. desember. Kommunen skal bruke de private barnehagenes rapportering fra året før tilskuddsåret i utregningen av tilskuddet til de private barnehagene.*

*Kommunen kan i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet skal endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner.»*

For å kunne justera tilskotet til private barnehagar likt som for kommunale barnehagar, blir det gjort framlegg om å innføra lokale retningslinjer med ein ekstra rapporteringsdato.

- I tillegg til rapporteringsdato 15. desember for fastsetting av tilskot til private barnehagar, skal dei private barnehagane rapportera barnetalet pr. 1. september. Barnehagen kan og rapportera barn som tek til i barnehagen innan 31. oktober same år.
- Tilskotet til dei private barnehagane for dei 4 siste månadene i tilskotsåret blir fastsett ut frå rapportert barnetal 1. september.
- Det blir laga egne rutinar for kva tid utbetaling av tilskot til dei private barnehagane skal skje.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Desse rutinane for fastsetting av budsjett/ tilskot til barnehagane kan dei fyrste åra føra til ei innsparing. Økonomisjefen har berekna innsparinga til kr. 4,9 mill for 2018. Dette vil det vera realistisk å få til. Vidare effekt vil vera avhengig av talet på barn i barnehagane etter opptaket kvart år.

### **Risiko- og sårbarhetsvurdering:**

Konsekvensane av å fastsetja årsverka i barnehagane ut frå barnetalet i april/mai, vil vera eit mindre fleksibelt opptak. Dei siste åra har det vore mogleg å tildela barnehageplass utover sommar og haust fordi det har vore ledig kapasitet. Den ledige kapasiteten framover vil berre vera ved tilfeldige oppseiingar av barnehageplass. Dette kan gå utover moglegheita til å gje barn med spesielle behov, flyktningar, nyinnflytta barnefamiliar, og andre eit godt tilbod midt i året.

### **Innstilling:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Årsverka til den enkelte kommunale barnehage for komande barnehageår blir fastsett utifrå barnetalet og gjeldande bemanningsnorm. Dette blir fastsett når 2. tildeling i hovudopptaket er gjort.

2. I samsvar med **Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager** «§ 12. Rapportering av barn i private barnehager» blir det innført lokale retningslinjer for telledato av barn i private barnehagar i Klepp kommune:
- a. I tillegg til rapporteringsdato 15. desember for fastsetting av tilskot til private barnehagar, skal dei private barnehagane rapportera barnetalet pr. 1. september. Barnehagen kan og rapportera barn som tek til i barnehagen innan 31. oktober same år.
  - b. Tilskotet til dei private barnehagane for dei 4 siste månadene i tilskotsåret blir fastsett ut frå rapportert barnetal 1. september.
  - c. Det blir laga egne rutinar for kva tid utbetaling av tilskot til dei private barnehagane skal skje.

Rådmannen i Klepp 15.11.2017

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*